

Øygarden kommune – 50 år

Invitasjon til jubileumsarrangement

Søndag 30. November

Gjennom dette året har Øygarden feira 50 års jubileet med flotte arrangement som har strekt seg frå opninga i januar med fyrverkeri, konsert på Ormhilleren, til septemberdagar med Uverfestival på Kystmuseet; «Allsang på kaien» og konsert med Ole Paus, Vinni m.fl.

No står det att ei oppleving for alle i heile regionen – Sølvguttene kjem med stemningsfull julekonsert i Øygarden søndag 30.november. Konserten er «eksklusiv» på den måten at dei ikkje skal ha andre konsertar i Bergensregionen i år.

Øygarden kommune inviterer deg, med følgje, til:

- **Offisiell mottaking - Kystmuseet i Øygarden kl. 14.00** og
- **Julekonsert med Sølvguttene - Kollsneshallen kl: 16.00**

Statoil og Gassco er generalsponsor for arrangementet. Vi har fått låne storstova på Kollsnes-anlegget. Her inviterer vi inn til ein festpynta hall som saman med musikken setter oss i den gode julestemninga.

Vi ber om tilbakemelding innan 18. november (om du kjem eller ei) til:

Beate Hetlevik, tlf: 56 38 54 03, e-post: bh@oygarden.kommune.no eller
Servicetorget, tlf: 56 38 20 00

Velkomen skal de vera!

Otto Harkestad
Ordførar Øygarden Kommune